



**Jobbnorge-ID:** 123090

**Søknadsfrist:** Avsluttet

**Nettside:**

**Omfang:**

**Varighet:**

## To stipendiatstillinger i pedagogikk

Ved Det psykologiske fakultet, [Institutt for pedagogikk](#), er det ledig to mellombelse stillingar (100 %) som stipendiat i pedagogikk. Stillingane er for ein åremålsperiode på 4 år med 25 % pliktarbeid. Stillinga er ein del av grunnbevillinga til Det psykologiske fakultet, og er finansiert av UiB.

[Det psykologiske fakultet](#) tilbyr profesjonsutdanning for psykologar, har ansvar for universitetspedagogisk utdanning av UiB sin eigen stab, bidreg med pedagogikkdelen av lærarutdanninga, og tilbyr grader innan eit vidt felt: barnevern, helsefremjande arbeid, pedagogikk, spesialpedagogikk, lærarutdanning, psykologi, arbeids- og organisasjonspsykologi og logopedi. Fakultetet sine hovudsatsingsområde innan forskning er knytt til helse, utdanning, utviklingsrelatert forskning og basalforskning i vid forstand.

Den faglege verksemda ved Institutt for pedagogikk (IPED) er omfattande og held internasjonalt nivå. Ved IPED skjer forskning og undervising innan pedagogikk, spesialpedagogikk, lærarutdanning, utdanningsvitenskap og universitetspedagogikk. IPED har tre forskingsgrupper og forskinga ved instituttet omfattar både pedagogisk grunnforskning, samt teoretisk - og praktisk kunnskaps- og læringsforskning. Instituttet er tilknytt nasjonale forskarskular og inngår i nasjonale og internasjonale forskingsnettverk og -samarbeid.

### Om prosjektet og arbeidsoppgåver:

I tida framover ønskjer ein å vidareutvikle instituttet sin forskingskompetanse innan pedagogikk, og det er ei føremon om doktorgradsprosjektet inngår i ei langsiktig plan om å styrke dette området. Tilsetjing som stipendiat skjer på grunnlag av tidlegare utdanning og vitskapelege arbeid, samt prosjektplanen for forskingsprosjektet sin kvalitet og relevans for den aktuelle forskingsgruppa. Forskningsprosjektet som kandidaten skal gjennomføre må utviklast og gjennomførast i samråd med den aktuelle forskingsgruppa og rettleiarar. Prosjektet må kvalifisere stipendiaten for opptak til fakultetet si organiserte forskarutdanning.

Stipendiatstillingar finansiert av Universitetet i Bergen er fireårige og med 25 % pliktarbeid som hovudsakleg skal nyttas til undervising og administrasjon. Undervisningsoppgåvene kan vere i form av førelesingar, seminarleiing og rettleiing for studentgrupper. Sensurarbeid kan òg inngå. Undervisinga vil i hovudsak liggje ved instituttet sine studieprogram, men andre oppgåver kan inngå innanfor den tilsette sin kompetanse.

### Kvalifikasjonar og eigenskapar

- Søkjarar må ha oppnådd mastergrad i pedagogikk eller tilsvarende
- Søkjarar må kunne arbeide sjølvstendig og strukturert og ha gode samarbeidsevner
- Det er eit føremon med gode ferdigheiter i engelsk skriftleg og munnleg
- Gode norskkunnskapar er naudsynt. Søkjarar som ikkje har skandinavisk som morsmål, må dokumentera gode norskkunnskapar.

### Om stipendiatstillingane:

Samla stipendperiode er 4 år, der 25 % av tida er pliktarbeid, knytt til forskning, undervising og formidling. Om du tidlegare har vore tilsett i rekrutteringsstilling, kan det bli gjort frådrag i tilsetjingsperioden.

Den som vert tilsett, vil ha sin arbeidsplass og residensplikt ved IPED, og arbeidsoppgåver vil primært verte knytt til forskning og undervising tilknytt studieprogramma ved IPED. Den som vert tilsett, vil ha si primærtilknytning i ei av instituttet sine tre forskingsgrupper.

### Om forskarutdanninga:

Som stipendiat skal du delta i eit godkjent utdanningsprogram for ein ph.d.- grad innanfor ei tidsramme på 3 år. Ved vurdering av dine kvalifikasjonar til stillinga vil du også verte vurdert iht krava for opptak til den organiserte forskarutdanninga ved Det psykologiske fakultet.

Nærare om forskerutdanninga ved Det psykologiske fakultet [her](#).

### Vi kan tilby:

- Eit godt og fagleg utfordrande arbeidsmiljø
- Løn etter lønnssteg 50 ved tilsetjing (kode 1017/LR20.8). Dette utgjer ei årsløn på kr. 430 000 brutto. Vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet i stillinga.
- Medlemskap i Statens pensjonskasse
- Stilling i ei inkluderande arbeidslivsverksemd (IA-verksemd)
- Gode velferdsordningar

## Søknaden skal innehalde:

- Ei kort utgreiing om søkjaren sine pedagogiske forskningsinteresser og motivasjonen for å søkje stillinga
- Prosjektplan for forskingsprosjekt, maksimum 10 sider, fontstorleik 12, inklusive referanseliste
- Namn og kontaktopplysningar til to referansepersonar, ein av desse må vere hovudrettleiaren frå masteroppgåva eller tilsvarande oppgåve.
- Stadfesting frå forskingsgruppe og ph.d rettleiar
- CV
- Karakterutskrifter og vitnemål (all høgare utdanning) og relevante attestar
  - Søklarar med utanlandsk utdanning må leggje ved sertifisert omsetjing til engelsk eller skandinavisk dersom originalvitnemålet og karakterutskriftene ikkje er på eit av desse språka. Søklar må i tillegg legge ved [NOKUT](#) si generelle godkjenning av høgare utdanning
- Eventuell liste over vitskaplege arbeid (publikasjonsliste)
- Eventuelle publikasjonar

Du søker elektronisk i JobbNorge til Universitetet i Bergen via knappen på denne sida: «Søk stillingen». Søknad, CV og vedlegg skal kun sendast elektronisk i JobbNorge.

Vi gjer merksam på at søknader vert vurdert med den informasjonen og dei vedlegg som er knytt til søknaden i JobbNorge når søknadsfristen går ut. Vedlegga må vere på engelsk eller eit skandinavisk språk, og eventuelle omsetjingar må vere attesterte. Det er søklar sitt ansvar å sørgje for at all informasjon er lagt inn innan fristen.

## Det er særskilt viktig at kvart av vedlegga som det skal takast omsyn til ved vurdering i sin heilskap vert lasta opp som vedlegg til søknaden

Rangerte søklarar vil bli kalla inn til intervju.

Søknadsfrist: **06.04.2016**

Søknaden skal merkast: **16/2467**

### Generell informasjon:

Utfyllande opplysningar om stillingane kan ein få ved å vende seg til:

*Instituttleiar/professor Rune Johan Krumsvik, leiar for forskingsgruppa Digitale Læringsfelleskap (DLC), tlf. 55 58 48 07*

*Professor Marit Ulvik, kontaktperson for forskingsgruppa Undervisingsprofesjonalitet og Pedagogikk (UPP), tlf. 55 58 47 69*

*Førsteamanuensis Gunn Elisabeth Søreide, leiar for forskingsgruppa Kunnskap, Utdanning og Demokrati (KUD), tlf. 55 58 39 75*

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkinga. Det er eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetning. Personar med innvandrarbakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne blir oppmoda om å søkje stillinga.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitskaplege stillingar.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkerlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følge, skal søkjaren varslast om dette.

Nærare om tilsettingsprosessen [her](#).

## Tilleggsinformasjon

### Arbeidssted: